



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 31.05.2016

Sak nr.: 16/527-9
Internt l.nr. 18741/16

Sak: 30/16

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 31. mai 2016**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS
 - a. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane

Deloitte orienterte om status for prosjektet. Deloitte varsler at det vert vanskeleg å rekke ferdigdato 1. september, og ba om utsett frist til 12. september. Dette vart akseptert. Intervju vert sett i gang i nær framtid. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Orienteringar v/fylkesrådmannen
 - a. Rutinar ved handsaming av dokument unntatt offentleg

Fylkesrådmannen v/Hågård og Nornes orienterte om regelverk og rutinar rundt handsaming av dokument unntatt offentleg. Etter ein diskusjon i utvalet vart orienteringa teken til vitande.

3. Informasjon frå NKRF
 - a. eINFO 16/3 – Forvaltningsloven § 13a

Informasjonen vart teken til orientering.

4. Orientering frå leiar og kontrollsjef
 - a. Leiar i utvalet orienterte om diskusjon i fylkesutvalet om dokument unntatt offentleg.
 - b. Høyring til kommunelova til neste møte i kontrollutvalet. Sendast vidare til FKT og mogelegvis til fylkestinget.
 - c. Kontrollutvalet ba om å få nytt Delegeringsreglement til orientering i neste ordinære møte.
 - d. Tertialrapport 1/2016 – orientering
 - e. Status studietur Brussel. Tentativt program er sendt tilbake med små justeringsforslag. Kontrollsjef bestiller flyreise Oslo – Brussel. Det enkelte kontrollutvalsmedlem ordner med reise til/frå Oslo.

Orienteringane vart tekne til vitande.

